

Åtvara mot høgre-politikk

Heidi Grande Røys brukte 1. mai-talen i Stryn til å åtvare mot Siv Jensen og høgrekreftene i norsk politikk. – Berre den raudgrøne regjeringa har vilje og verktøy til å løyse finans- og klimakrisa, hevda SV-statsråden.

Harald Vartdal
Harald.vartdal@fjordingen.no

I underkant av 30 personar var til stades då statsråd Heidi Grande Røys tok eit kraftig oppgjær med Frp og høgresida. – Klimakrisa er vår aller største utfordring. Då har vi ikkje råd å sende Siv Jensen til å forhandle med USA, Kina og dei andre store forureinarane i verda, sa statsråden frå Flora og kom med følgjande påstand: Viss ikkje vi i den raudgrøne regjeringa set klimakrisa på dagsorden, er det ingen andre som gjer det.

– **Må ha politisk styring**
Heidi Grande Røys nytta fi-

nanskrise som eksempel på kor gale det kan gå når marknadskreftene får fritt spelrom. – Finanskrisa som råkar svært mange, er skapt av nokre få. Denne krisa viser at vi må ha politisk styring for at marknaden skal fungere. Behovet for krisepakkar er eit eksempel på at høgrepolitikken ikkje fungerer, hevda Heidi Grande Røys i 1. mai-talen.

«Arbeid for alle»

Den raudgrøne regjeringa meiner slagordet «Arbeid for alle» er meir aktuelt enn nokon gong.

– Ville ha rakna

– Dersom privatskulen Jon Bauer hadde fått etablert seg i Stryn og fire andre stader i fylket, ville den vidaregåande skulen i fylket ha rakna, hevdar statsråd Heidi Grande Røys.

SV har gjort det til ei fanesak

å stoppe etablering av privatskular. Under 1. mai-arrangementet i Stryn brukte Heidi Grande Røys eit eksempel frå sitt eige fylke for å underbygge SV sin politikk. – For fem år sidan søkte Jon Bauer om etablering i Stryn, Florø, Førde og to andre stader i fylket. Dersom privatskulen hadde fått melka systemet, ville opplegget for den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane ha rakna, fastslo SV-statsråden.

– Eit himla spetakkel

– Det hadde blitt eit himla spetakkel dersom vi søkte etter ingeniørar i like låge stillingsheimlar som hjelpepleiarar, sa Nils Petter Støyva i sin 1. mai-appell.

Stryneordføraren syntte til at det i offentleg sektor er mange små og delte stillingar, t.d. hjelpepleiarar som arbeider 20 -30 prosent av full stilling. – Det hadde blitt eit himla spetakkel om vi gjorde det same med ingeniørstillingar. Men i kvinneyrke er dette framleis mogeleg. Eg vil jobbe for fleire fulle stillingar i offentleg sektor, lova Nils Petter Støyva.

Fjernar taket på 15.000 kroner

Frå 2011 vil AFP-pensjonistar kunne tene meir enn dagens 15.000 kroner per år.

Elin Kvamme drog fram det meiningslause i at folk som har takka ja til AFP, ikkje kan tene meir enn 15.000 kroner per år. – Kva vil regjeringa gjere for å stimulere til at dei som ønskjer å jobbe

etter fylte 62 år, skal få betre vilkår?

– Dette blir det gjort noko med. Frå 2011 vert det meir attraktivt å arbeide for dei som går av med pensjon, svarta Heidi Grande Røys.



Heidi Grande Røys på talarstolen i Stryn kulturhus 1. mai.

På årets 1. mai hadde dei også leita fram att kravet om like-lønn. – Rettferdig fordeling er beste måten å sikre arbeid og velferd. Det er den store skilnaden på raudgrøn politikk og høgrepolitikk, uttalte Heidi Grande Røys og avslutta med å

hevde at høgresida vil rive ned det som har gjort Norge til verdas beste land å bu i. – Vi står no framfor eit vegskilje i høve velferdsstaten. Valresultatet 14. september blir avgjerande for kva samfunn vi får, avslutta SV-statsråden.

Betre breiband

Statsråd Heidi Grande Røys lovar at regjeringa vil arbeide vidare mot målet om full breibanddekning i Norge.

Ordførar Nils Petter Støyva syntte til at Stryn kommune i løpet av mai får 100 prosent dek-

ning, men at det trengst oppdaterte løysingar. – Fiberutbygging i t.d. Oppstryn og Hjelledalen vil løyse problemet med å ta inn TV-kanalar, sa Støyva. Statsråden syntte til at dei er i ferd med å greie ut behovet for betre kapasitet. – Løysinga kan vere fiber, men det finst også anna teknologi, opplyste Heidi Grande Røys.

– Gløym ikkje bøndene

– Gløym ikkje bøndene i lønnsoppgjeret, var Nils Petter Støyva og Ingolf Folven si sterke oppfordring til statsråd Heidi Grande Røys.

Statsråden kom rett til Stryn etter at det vart brot i dei statlege forhandlingane. Ordførar Nils Petter Støyva bad Heidi Grande Røys formidle behovet for at

bøndene får betre lønnsvilkår. – Her må friske midlar til, slo Støyva fast.

Ingolf Folven, fylkesleiar i bonde- og småbrukarlaget, presiserte viktigeita av å oppretthalde norsk jordbruk. – Matproduksjon er ikkje sjølvstøtt, poengterte Folven. Heidi Grande Røys som sjølv er oppvaksen på småbruk i Kalvåg, lova å formidle budskapet vidare til regjeringa sine forhandlarar i jordbruksoppgjeret.

Bowlingen søker om uteservering

Bowling Stryn AS søker om utvida skjenkeareal. I staden for uterestaurant på taket slik det tidlegare var snakk om, ønskjer dei å lage til skjermte terrasse på gateplan. Der det også blir utvida mattilbod med pizza-bakeri. – Vi utvidar for å sikre auka omsetning, skape fleire arbeidsplassar og sikre vidare drift av bowlingsenteret, skriv Turid Lefdal i søknaden.

Vil ha fartsdempe tiltak

Stryn Arbeidssenter ber om fartsdempane tiltak ved utkøyrsla i Grandevegen. – Trafikken har auka vesentelge etter at Vidalida barnehage kom i drift, og etter at Vikavegen vart stengt for trafikk ved Vikeelva. Vi observerer stor fart forbi arbeidssenteret. Mange i vår brukargruppe er ikkje i stand til å vurdere kva som er farleg i høve biltrafikk, og vi opplever kritiske situasjonar mellom gåande og køyrande, opplyser leiar Heidi Fjellvang.

Forslag om småbåthamn i Olden

Ola Vangberg har i innspel til Stryn kommune lansert ideen om å bruke tunnelmasse frå anlegget Olden - Innvik til bygging av ny småbåthamn. – Om slike planer kan realisere, avheng av velvilje frå Vegvesenet og grunnforholda på staden, poengterer Ola Vangberg i førebels orientering.

Oppfordrar til innløysing av friareal

Innvik Bygdeutvikling oppmodar Stryn kommune om å løyse inn den delen av Sydness-stykket som ligg mellom riksvegen og sjøen. – Dette er einaste staden i bygda (kommunen?) der det lett går an å kome til strand med barnevogner, og der det kan leggast til rette for rullestolbrukarar, påpeikar bygdeutvalet. Som også viser til at fjæra er mykje brukt av småbarnsfamiliar, og som turmål for skule og barnehage.

Innvikarar vil ha tunnelmasse

I samband med den store utbygginga av Nordfjord Kjøtt sitt anlegg i Loen, har det blitt henta ut stein og grus frå tippområdet til Innvik kraftverk. No fryktar bygdefolket at det ikkje skal vere nok stein til eigne føremål. – Her er fleire vegar som treng nytt berelag, m.a. er vegen til Drageset dårleg, og diskusjonen omkring utbetring av trafikksituasjonen ved Vagstadbygget har det vorte reist spørsmål om å fylle ut i bukta mellom Vagstadbygget og Innvik Frukttlager, og flytte nausta lenger ut. Til dette, og sikkert mange andre tiltak, trengst det stein, og det blir litt «bakvendt» dersom ein om ei stund må køyre massar til bygda, framheld leiar i Innvik Bygdeutvikling, Torill Bennæs.